Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 2 | Fylke: Troms

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Bardu

Emne: Transport av høy | Bygdelag: Øvre Bardu

Oppskr. av: John Eggen | Gard:

(adresse): Bardu | G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1

Den eldste transport av gras og tørrhøy var å bera i svolk og når det var brattlendt var det å drage det på rissloe eller kjøre det på drog (en slede uten gjemslenger) Dette var den tida da man slo og hausta utmarka (eng og lider)

2. Vanleg utmarkslåtter (eller eng.) var det oppsatt hesjer, ei hesj var ei reielengde på 5 st. reier i høgda, ei toreilengd var to reielengder med tjukkendene av reia mot hverandre på mit kråkå med til saman 10 st. reier. Når det var vanleg bra med gras bar man rågras kjema på nakken eller venstre aksel med ~~høgre~~ venstre hand støtte under, den høgre hand holdt riva, som man også støtte og balanserte „kjema" til hesja. Det er et lite lite „lag" og knep på den måten bar man rågraset til hesja og da var det å legge den direkte opp på reia og riste det utover. Høyet ble da båret sammen og satt i stakk eller seinare ~~var~~ til ~~som~~ regel oppsatt høy løder i utmarka og ~~kjørtes~~ sammen med hest, somredskap (vogne) var eldste tid brukt slede

2761

2

~~Stener var det brukt vogn.~~

Men den elste måten var å lage surhöj, man grov opp et höl i utmarka og fylle det med fleire loss rågras. jamne det utover og legge over med never og torv, dette den elste silo-nedlegging her i bygda. og man finn i gamle engslotter den dag i dag det man koller for „surhöjhöl"

3 I det fleste höver kjörte man höjet på vinterföret.

4 I höjonna i gamle dager var det brukt slede (uten jernslenger under meiene) denne sleden koller vi for „höjdrag."

Hjulslede var ogso kjendt.

Den elste vogna her i Bordu skal vere set på „Bangen" omkring 1860 åra

Hjula var sager skiver av trestokka, med jernskoing Desse vognene var nok i brukt i 1830 åra og kanskje helt til~~bake til~~ 1791 da den förste busetting av Bordu tok til.

Vanleg höjkjöringsvogn, som har vert brukt og framleis brukes er den vanlege langvogn, med 2 hjul ja - 4hjulsvogn brukes ogso,

Höjtonga var brukt helt med til våre tider då grinnene vort vanleg på hvar gard.

Höjtonga kunne vere en enkel stokk, so lang som höjvogna var. på höjtonga var det et hokk på fram.enden, for å gjöre et halvstek med buget som var festet ~~med~~ legge enden ved hvar vognarm; inne mot platten

Dette tauget (eller „tuget" som vi kalte det) tele da en lang bukt og mitten av bukta var festet på tonga.

Men de leeste höjtenger var det ~~av~~

2761

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Arid… bl…

som ^vor^ vokset sammen og arleidet av ei
klöftet småbjörk, med det vanlege hakk
på framenden (som var sammen vokset)
de andre to endene et trestykke
som var bôret höl for endene og ~~mellom~~
~~disse reipet man losset åt.~~
og trestykket var festet med kjiler eller
trenagler. På dette tverr=treet reipet
man losset åt, og gjor da holestekk
med reipet på endene av trestykket,
denne tonga var meir stöd og lett
losset lettet.
Hun vinter sleden eller (slåen) som
vi kalder den her i bygda var skodd
med jernstenger.
Et vinterkjört höj lass var dobbelt so
stort som et somar lass.
Det var omkring 1900 åra at det vart
alment å bruke höjgrinner på
vogna (for slede tidligere!)
Höjgrinner brukes no over alt. de er
festet med jernkroger er praktiske —
snar å ta av og sette opp.
Men no er det slutt med engslåttene
over alt, den nyje tid, med den
sterkere gjössling — gjör utslottene
overflödig. Det var den tid da arbeids
hjelpa ~~var~~ billig, og var å få. —
Vo er det bilen og traktoren ~~som~~ —
ja og höjheisene overtar tranportene.
Samslatter (fellesslotter) kjenner vi ikkje
til på våre trakter, da her var viddar nok
for ein og koar. 2761

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING